

Referat FAU-møte 20.februar 2020

Til stades: Astrid (rektor), Bjørn Halvor, Camilla, Marie (leder), Marita, Åshild & Cecilie (referent).

1. Informasjonsflyt skule- heim: FAU får ofte tilbakemeldingar frå føresette om at informasjon mellom skule og heim ikkje er optimal. Astrid forklarar at det er fleire utfordringar knytta til til dømes fellesmeldingar etter ulike hendigar på skulen, eller utfordringar i eit klassemiljø då personvernreglementet er svært strengt, og ein ikkje kan gje konkret informasjon med mindre føresatte har godkjent at informasjon skal ut. Det er også viktig å understreke at det er ikkje all informasjon føresette kan kreve, samt at tilbakemeldingar til alle føresette tek tid frå til dømes planlegging og gjennomføring av undervisning.
 - FAU gjev tilbakemelding om at det er særskilt viktig at informasjon om klassemiljø, utfordringar osv. må gis på foreldremøter- og desse må vere gjennomtenkte og ærlege slik at det vert gjort kjent kva som rører seg i skule- og klassemiljø.
 - Dersom det er konkrete utfordringar i klassemiljø er det ønskeleg at føresette vert underretta på eit generelt nivå- slik at samarbeidet mellom dei ulike føresette og skule kan verte gunstig for alle parter. Dersom behov må skulen kalle foreldre inn til møter for info og idemyldring.
2. Informasjon om dialogmøte 6.februar kor Tysvær kommunes foreldre utval (TKFU) hadde møte med mellom anna ordfører Lier og rådmann Eikje. Grinde FAU stilte med begge sine TKFU- medlemmer: Bjørn Halvor Åsland og Cecilie Lilleskare Vaglid. Frå dette møtet er det ønskeleg at alle FAU gjev tilbakemelding og forslag om tiltak vi ønsker kommunen skal sette i gong for å betre skulekvardagen til både elevar og ansatte, som skal leggas fram på eit nytt dialogmøte planlagt i mars. Grinde FAU melder tilbake at vi mellom anna vil ha fokus på:
 - Betre foreldremøte- struktur: Både hyppigare møter, men også betre innhaldet då desse møtene vert ein nyttig arena for kommunikasjon mellom dei føresette, og mellom heim-skule. Det er ønske og behov for meir enn eit foreldremøte i året. Behov for tolk må vurderes i forkant av møtene, slik at alle har forutsetning for å få all

informasjon. Grinde FAU arbeider med eit utkast til kva tema som er aktuelle på dei ulike foreldremøta på ulike trinn, som kan integrerast i skulens årshjul.

- Overgangar: Kommunen må ha rutiner for å betre overgangane mellom barnehage-barneskule og frå barneskule til ungdomsskule.
 - Miljøterapeutar må inn i skulen, og alle skular må få ressursar til å ansette nok miljøterapeutar til å kunne møte behov og utfordringar.
 - Ledertrening.
 - Nok helsesjukepleiar- ressursar i skulen, i tillegg ønskeleg at helsesjukepleiar kan delta på møter i barnehagar før skulestart (vere ein del av gode overgangar i kommunen)
3. To-delte foreldresamtalar: Spørsmål om det er mogleg å sjå på stuktur ved foreldresamtalar, slik at ein har moglegheit for å ha ein del med og ein del av møtet utan eleven til stades.
 4. Det er ønskeleg at 7.trinn har foreldremøte på Grinde skule om våren i tillegg til foreldremøtet som er om hausten. Felles foreldremøte på FUS kan kome i tillegg.
 5. Bli kjend-arrangement for føresette 1.trinn: Spørsmål om FAU bør arrangere eit sosialt tilbod til føresette 1.trinn etter skulestart om hausten? Mellom anna for å betre kunne sikre at føresette vert kjend med kvarandre.
 6. Spørsmål om meir tilbod frå skolelyst.no: Det kjem tilbakemeldingar frå føresette som ønsker breiare tilbod. FAU har hatt dette oppe tidlegare, og ønsker mellom anna ikkje meir tilbod grunna kjøpepress i skulen, men tenkjer også at fordeling skal administreres (tidkrevande).

- **Spørsmål til rektor:** Er det kapasitet til å lagre meir bestilte varer dersom tilbudet auker?

7. Skjermbruk i matpause. **Spørsmål til skulen:** Ser elevar ved Grinde skule på skjerm under måltid? Er det gunstig for elevane?